

Til studentar og lærarar ved BAS!

RETNINGSLINJE FOR STUDENTEVALUERING AV KURS OG LÆRARAR

Det er svært viktig for skulen at kurs og lærarar vert evaluerte. Det har BAS eit krav om å få gjennomført i høve til Kvalitetsreformen.

For at desse evalueringane skal ha størst mogleg effekt, og at det skal bli eit konstruktivt resultat ut av det, så har lærarseminaret på BAS bestemt at evalueringane skal skje med ein litt annan vri.

Hovudlærar og studentane skal i samråd ta ei munnleg oppsummering og evaluering av kurset. Dette bør skje mot slutten av ei kursperiode, evt. rett etter gjennomgang.

Men her er det opent for vurdering, dersom klassen føler at det er mest nyttig t. d. midt under eit kurs, så kan ein gjerne ta ei sånn felles økt då.

Det som er viktig, er at det vert ein dialog ut av det, mellom student og lærar.

Læraren si plikt: skal leggje til rette for at det er praktisk mogleg å ha ei slik munnleg evaluering undervegs eller på slutten av eit kurs,

Studentane si plikt: vere konstruktive og ærlege, både ris og ros er viktig, og studentane skal følgje opp dette slik at det vert ein konstruktiv diskusjon. Klasserådsrepresentanten skal ta initiativ til evaluering etter avtale med læraren.

Både lærar og studentar skal syte for at det er ei atmosfære der begge partar kan kome med det dei har på hjertet.

Alle har godt av å få tilbakemelding på det ein gjer, både lærarar og studentar! Så ein må både tåle å få litt kritikk, og ein må tørre å seie det ein meiner! Det går begge vegar!

Etter munnleg evaluering i plenum:

Klasserådsrepresentanten har ansvar for å oppsummere det som kjem fram under evalueringsmøtet, og nedfelle det skriftleg på eit evalueringsskjema. På dette evalueringsskjemaet vil det stå ein rubrikk der ein skal krysse av om ein har hatt den munnlege evalueringa i forkant. Eit skjema per kurs skal så leverast inn til administrasjonen innan rimeleg tid etter kursslutt. Lærarar vil så få tilsendt kopi av evalueringa, og skjemaet vert samla opp og gjennomgått på det årlege lærarseminaret.

Lukke til med den nye ordninga!

BAS – 20.10.03